

Are Winge Mehl - gbrn 69/2, Frank Nesse - gbrn 59/2

Frode Langenes - gbrn 60/1, Erik Neverdal - gbrn 69/1

Toralf Bergfjord - gbrn 59/1, Tore Taule - gbrn 59/4

Eivind Aspholt, gbrn 69/3

17.08.2018

Lindås kommune, Plan- og miljøutvalet,

Kvernhusmyrane 20,

5914 Isdalstø

FESTE KAI OG NÆRINGSOMRÅDE, saksnr 16/2484 og planid:1263-201609

Viser til reguleringsplan for Feste kai- og næringsområde.

I føresegnene er det i pkt 5.1 beskrevet at sjøområdet VHS skal være ope for gardeigarar i Festeområdet som treng tilgong for større fraktefartøy. Denne tilgongen gjeld retten til bruken av eksisterende kai ved gbrn 70/27. Vi vil påpeike at området VHS ikkje dekkar heile kaien då området f_VS startar ved landfestet til flytebryggja. Utgangspunktet er at denne landgangen skal kunne fjernast midlertidig for å gi plass for at eit fraktefartøy kan gå langt nok fram til å kunne losse. Dette framgår av søknaden til flytebryggja som vart handsama i Lindås bygningsråd 29. april 1987. Viser her til saksnr 00784 fra Teknisk etat 25.03.87 med arkiv nr 70-9. I desse papira er det teikna inn ein landgang som er 10 meter lang og som skal kunne heisast vekk. Slik føresegnene i reguleringsplanen no er stila, vil retten til å flytte landgongen falle bort.

Vi krev derfor at det vert skriva inn ei linje i føresegnene i pkt 5.2 som syner at landgongen skal kunne heisast bort, og at retten til dette blir vidareført slik den er i dag.

Slik flytebryggja ligg i dag, kan ikkje landgongen heisast bort, og han er ikkje 10 meter lang slik det er godkjend frå kommunen si side. Løysninga på dette er å legge landgongen ned på flytebryggja, og vinkle om delen som peikar mot kaien for å gi plass til eit lastefartøy. Dette er ei god nok løysing, og den har vore nytta seinast no i sommar. Det er avgjerande at avstanden på 10 meter mellom kaien og flytebryggja ikkje blir korta ned. Dette for å kunne manøvrere inn eit fraktefartøy på sikkert vis. Reguleringsplanen eller seinare tiltak på gbrn 70/19 må ikke vere til hinder for tilkomst til kaien, gbrn 70/27 med egnet redskap for å motta varer eller sand/grus.

Eivind Aspholt

Erik Neverdal

Frode Langenes

Toralf Bergfjord

Frank Nesse

Tore Taule

Are Winge Mehl